

Olav Toft

Olav Toft vart fødd i 1922 og døydd i 2007. Av yrke var han fiskar og forskalingsnikkar. Gjenstander han i si tid samla, skal no overførast frå det nedlagte bygdemuseet på Berge til Tofterøy skule, og vil i løpet av 2016 opne opp att under namnet “Olav Toft si samling”.

“Olav Toft vart i 1984 utnemnd til riddar av 1. klasse av Den Kongelege Norske St Olavs Ordenen for mangeårig virke for fortids- og kulturminnevern. Alt frå gutedagane viste han uvanleg interesse for våre historiske røter og vår natur med fugle- og dyreliv. Med unik innlevingsevne tolka han spor og teikn i natur og landskap. Slik fann han frem til forfedrane sine liv og lagnader heilt tilbake til dei første veidefolka på Vestlandet etter den siste istida. Han tileigna seg òg mykje frå faglitteraturen som kom han til hjelp i utforskinga av våre eigne røter. Olav tråla utmark, fjell og myrar, øyar og holmar, og lokaliserte om lag 70 bustadar frå steinalderen. Han leverte eller peika ut 3000 oldtidsfunn på Sotra. Det meste av dette er samla i musea i Bergen. Han laga ei samling av arkeologiske funn, reiskapar og velde for sjø og land i heimkommunen Sund. Han samla òg segner og soger, ord og ordtrykk frå vår nære historie og gamle bumerke, og var ein mykje velsett formidlar på barneskulane i regionen. Olav er rekna for å vera ein av våre beste lekfolk innan arkeologi og kulturhistorie, og mange av funna hans førte til revurdering av norgessoga, noko han vann full godkjenning for i museums- og universitetsmiljøa. Han har òg samla gjenstandane til bygdemuseet på Berge.” (Skogseth A. og Fyllingsnes F., 2014 *Sund på Søre Sotra. Band 3. Gards- og slektssoge Gnr. 23-Gnr. 31*, Sund kommune, s.127)



Olav Toft

<https://olavtoftsamlinga.wordpress.com/om-prosjektet/>